



NAV HORDALAND  
Postboks 284  
5804 BERGEN

Dato: 24.05.2016  
Vår ref.: 2016/5124-1  
Saksbehandlar: johmeye  
Dykkar ref.:

## **Melding om "masseoppseiing" i Hordaland fylkeskommune, jf arbeidsmiljølova §15-2.**

På grunn av større endringar i tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune er det naudsynt å gje varsel om oppseiing til ei gruppe lærarar og miljøarbeidarar. Det endelege talet på dei som må seiast opp er ikkje klårlagt enno, men det vil slik det ser ut pr 24 mai omfatte om lag 20 tilsette.

Talet på innmeldte overtalige er om lag 110, der Fana gymnas åleine utgjør 45 tilsette. Til orientering er dei fleste av dei tilsette ved Fana gymnas allereie tildelt nye arbeidsplassar frå hausten 2016.

Nedgangen i talet på elevar som søker tekniske fag (TIP) er stor, og dette fører til eit større overtal i lærargruppa som underviser i dette faget. I tillegg er det gjennomført ei større omlegging av tilbodet innanfor dei nye programfagområda «Medier og Kommunikasjon» og «Kunst, Design og Håndtverk» der fellesfaga får større plass. Denne omlegginga fører til mindre trong for lærarar i desse programfagområda.

Fylkeskommunen v/HR-direktøren arbeidar aktivt saman med dei hovudtillitsvalte for å søke å finne løysingar utan å måtte gå til oppseiingar.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Geir Davidsen  
HR-direktør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: Dei hovudtillitsvalte i Hordaland fylkeskommune